



Kommunal- og moderniseringsdepartementet
Postboks 8112 Dep
0032 OSLO

Vår dato:

14.10.2019

Vår ref:

2019/16420

Dykkar dato:

Dykkar ref:

Saksbehandlar, innvalstelefon
Kåre Træen, 5764 3004

Skjønnsmidlar 2019 – midlar som tidlegare ikkje er fordelte – kommunar i Sogn og Fjordane

Fylkesmannen i Vestland har kr 6 045 000 i skjønnsmidlar som ikkje er fordelte for kommunane i Sogn og Fjordane i 2019. Vi legg opp til følgjande fordeling av denne ramma til kommunane:

K.nr.	komune	Beløp kroner
1401	Flora	3 000 000
1413	Hyllestad	500 000
1424	Årdal	900 000
1431	Jølster	545 000
1433	Naustdal	1 100 000

Flora kommune har ein stram heilskapleg økonomi og har samtidig ei svak utvikling i folketalet dei siste åra. Kommunen har utfordringar innan omsorgstenestene der behovet for tenester er større enn tildeling av midlar/ressursar, som fører til eit større meirforbruk så langt i år. Med årsak i busetjing av færre flyktningar, rapporterer kommunen også om eit forventa lågare dekningsbidrag enn budsjettet frå Innvandrarsenteret. Flora og Vågsøy blir til Kinn kommune i 2020, og begge kommunane går inn i ny kommune med svært stram økonomi. I ei samla vurdering for heilskapleg økonomi sett i samanheng med ein utfordrande inngang til Kinn kommune, blir Flora tildelt 3 mill. kroner av restskjønnsmidlane.

Hyllestad kommune har over fleire år hatt stram økonomi og ein større reduksjon i folketalet. Økonomien til kommunen betra seg etter utbetaling frå Havbruksfondet på 19,1 mill. kroner i 2018. Men storleiken på utbetalingar av ev. slike midlar framover, er ikkje avklara. Hyllestad har gjort strukturendringar på tenesteområda, og er i ferd med å gjennomføre ei større omorganisering både administrativt og for tenestene, som og skal gje økonomisk effekt. Kommunen har store utfordringar innanfor helse- og omsorg knytt til behovet for å gje nødvendig helsehjelp, særleg til eit sterkt aukande tal eldre. Den største verksemda i kommunen, Havyard Leirvik, har no om lag 700 gjestearbeidarane som ikkje er folkeregistrert i kommunen. Men desse har rett til helsetenester, og kommunen merkar etterspurnad etter helsehjelp frå mange av dei som oppheld seg i kommunen



som gjestearbeidarar. I ei samla vurdering får Hyllestad kommune kr 500 000 i resttildelinga av skjønnnsmidlar.

Årdal kommune har sendt ein søknad om skjønnnsmidlar knytt til ei særleg utgift med to asylsøkjarbarn som i 2015 var nokre få dagar på mottaket i Årdal, men som no er i omsorga til barnevernet i andre kommunar. Årdal vert av dei andre kommunane kravd for utgifter knytt til barna, og samla krav er fram til juni i år på 1,8 mill. kroner. Ut frå omstende i saka meiner Årdal kommune at det er urimeleg at dei skal dekkje slike utgifter. Kommunen arbeider difor med å avklare om dette er etter regelverket, slik dei til no har fått melding om frå staten. Med årsak i at dette er utgifter for kommunen som ikkje er vareteke i inntektssystemet eller andre tilskotsordningar, får Årdal kommune eit tilskot på kr 900 000 av restmidlane for skjønn i 2019. I vurderinga av storleiken på tilskotet er det og lagt til grunn kommunens heilskaplege økonomi.

Jølster kommune får etter store flaumskadar i sommar dekt sine utgifter utover ein eigendel på kr 760 000, jf. regelverket til departementet. Hendinga med flaumen kravde ein stor ressursinnsats frå kommunen, både administrativt og fagleg. Som kompensasjon for dette får kommunen tildelt kr 545 000 av restmidlar for skjønn. Det er og lagt vekt på ei heilskapleg vurdering av kommunens økonomi, og at flaumen ikkje skal vere belastande for Sunnfjord kommune når Jølster inngår i denne frå 2020.

Naustdal var Robek-kommune fram til sommaren 2018. Som følgje av dette har kommunen framleis ein stram økonomi, m.a. med låge frie fond målt etter driftsinntektene. Dei siste åra har folketalsutviklinga og vore svak, og dette bidreg til lågare overføringer frå staten. Ei samla, overordna vurdering tilseier ein stram økonomi gjennom 2019, som bør styrkjast før kommunen går inn i nye Sunnfjord kommune. Naustdal kommune får tildelt 1,1 mill. kroner av restskjønnnsmidlane.

Med helsing

Lars Sponheim

Gunnar O. Hæreid
ass. fylkesmann

Dokumentet er elektronisk godkjent

Vedlegg: Excel-ark med fordeling

Kopi: Kommunane Flora, Hyllestad, Årdal, Jølster, Naustdal.

Kopi per e-post: Sigmund Engdal, KS